



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimelessig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

## Prosjektlear, sosialt entreprenørskap, mat og flyktningar - 100% engasjement

### Stillingsinformasjon

Meland kommune ved næringsutvikling og NAV flyktingeteneste skal starte eit prosjekt gjennom sosialt entreprenørskap som jobbar for å finne nye måtar å integrere kvinner med minoritetsbakgrunn i arbeidslivet.

Vi ønskjer å sjå på moglegheitene for å kombinere funksjonell norskopplæring og kompetansebygging i ulike yrke - for nyankomne flyktningar.

Prosjektet skal byggje opp eit catering tilbod der deltakarane er med på å utvikle verksemda. Vi vil bruke Empowerment som metode.

Vi er i startfasen og søker etter ein person som leiar for prosjektet fram til 01.12.20 - med moglegheit for forlenging.

### Arbeidsplass

Prosjektleiaren vert ein del av flyktingetenesta i NAV.

### Arbeidsoppgåver

Vi søker etter ein person som skal ha hovudansvaret for dagleg drift av prosjektet.

- Utvikling av prosjektet ved å byggje opp catering teneste, inkludert kundekontakt/markedsføring/salg/kassahandtering
- Gi opplæring innan mattryggleik/hygiene
- Koordinere og leggje til rette for opplæring med samarbeidspartnarar
- Individuell oppfølging av deltakarane i samarbeid med flyktingetenesta
- Matproduksjon og reinhald på opplæringskjøkkenet i samarbeid med andre medarbeidarar
- Bestilling og etterfylling av varer
- Rekneskap/økonomi
- Kontakt og samarbeid med organisasjonsliv og andre kommunale tenester

### Kvalifikasjonskrav

- Er ute etter nye utfordringar og som har lyst til å vere med på å utvikle og byggje opp prosjektet
- Har er erfaring frå kjøkken og/eller catering samt interesse for matlagning
- Er oppteken av inkludering og mangfald
- Kunnskap om hygienekrav på kjøkken
- Fordel med fleirkulturell kompetanse
- Gode datakunnskaper, kan bruke sosiale media i profilering og markedsføring
- Du har erfaring med prosjektarbeid, grunnleggjande økonomistyring i prosjektet
- Førarkort klasse B

### PERSONLEGE EIGENSKAPAR

- Gode samarbeids- og kommunikasjonsevner er ein føresetnad
- Serviceinnstilt og positiv, god relasjonsbyggjar
- Sjølvstendig og ansvarsfull med evne til å prioritere
- Evne til å sjå moglegheiter
- Er nysgjerrig på kva den enkelte deltakar kan tilføre prosjektet, og som er
- Resultatorientert

### Vi tilbyr

- Varierende og spennande arbeidsdag
- Moglegheit til å vere med på å utvikle og byggje opp eit spennande og meningsfylt prosjekt
- Godt arbeidsmiljø
- Løn etter avtale
- God pensjonsordning

### Søknad skal sendast

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

### Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må

framvisast ved tilsetjing og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

*Søknadsfrist* 30.12.2018

*Utlyst dato* 12.12.2018

*Vårref*

97/18

**Kontaktperson**

Cathrine Gangstøe, Flyktningskonsulent, mobil: 48079457, cathrine.gangsto@nav.no

John Fredrik Wallace, Næringsrådgjevar, mobil: 48284872, john.fredrik.wallace@meland.kommune.no